

## **Vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Sauda kommune.**

Nye vedtekter som gjeld frå 01.08.14 er endra i samsvar med kommunestyresak nr. 110/13.

### EIGARFORHOLD.

Sauda kommune skal gi tilbod om skulefritidsordning ved alle barneskulane i kommunen. Tilbodet inkluderer ikkje tilbod om leksehjelp.

### OPPTAK.

Rektor ved skulen godkjenner opptak og har ansvar for at søknadsskjema blir sendt ut til alle aktuelle heimar med søknadsfrist 1. mars. Rektor har òg ansvar for at svara blir sendt ut etter opptak.

### OPPTAKSKRITERIUM.

Søknad skal sendast til aktuell skule på fastsett skjema. Det kan søkjast om opptak for alle elevar i 1. – 4. klasse. For funksjonshemma barn kan opptak godkjennast heilt opp t.o.m. 7. klasse.

Opptaket gjeld til det blir sagt opp **skriftleg**.

Som utgangspunkt skal alle føresette som søkjer, ha rett til plass for sine barn. I særskilte høve kan det vera vanskeleg å finna plass til alle. Då skal følgjande prioriteringsreglar gjelda;

1. Funksjonshemma barn eller barn med stort omsorgsbehov blir prioritert. Søknaden må grunngjevast.
2. Yngre elevar blir prioritert framfor eldre elevar.
3. Barn til einslege forsørgjarar som p.g.a. arbeid eller utdanning ønskjer plass til barnet.
4. Sysken bør så langt råd er takast opp samla.

Det må vidare tas omsyn til andre særskilte forhold som kan hindre barna frå å ha gode leike- og aktivitetstilhøve saman med andre barn på same alder.

### OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING AV SKULEFRITIDSPLASSEN.

Søknaden gjeld i utgangspunktet for eit heilt skuleår. Der føresette i ettertid kjem til at dei vil seia frå seg plassen i skulefritidsordninga eller endra bestillinga si, gjeld ei oppseiingsfrist på 3 månader. Om føresette tar barnet ut av ordninga i oppseiingsperioden, må ein likevel betale for plassen.

### FORELDREBETALING.

Ordninga skal i utgangspunktet drivast etter sjølvkostprinsippet. Kommunen kan, i medhald av opplærings-lova § 13.7, likevel krevja utgiftene dekte gjennom eigenbetaling frå føresette.

Betalingssatsar blir, med dette som utgangspunkt, fastsett av kommunestyret. Betalinga blir utrekna frå næraste 1. eller 15. i månaden ved start. Dersom avgifta ikkje blir betalt innan 2 månader, mistar ein plassen. For føresette med fleire barn i ordninga, blir det gitt 30% reduksjon i prisen f.o.m. barn nr. 2.

Funksjonshemma barn med eit stort pleie- og omsorgsbehov har, etter kommunestyrevedtak, rett til gratis plass. Søknad om dette sendes til skulen på fastsett skjema.

### LEIKE- OG OPPHALDSAREAL.

Areal for skulefritidsordninga, ute og inne, skal vera tilpassa den aktivitet som blir drive. Følgjande areal er tilgjengeleg på dei ulike skular:

- Austarheim skule: Inne: 530 kvm Ute: 23,0 da.
- Fløgstad skule: Inne: 440 kvm Ute: 4,5 da.
- Risvoll skule: Inne: 600 kvm Ute: 3,5 da.

Bruk av dei ulike areal til ulike tider blir fastsett av rektor ved skulen.

### DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG ÅPNINGSTID.

Kommunen gir 2 tilbod om skulefritidsordning. Følgjande daglege opphaldstider er fastsatt:

- Morgonopning: frå kl. 07.00 – kl. 08.00. Det må vera minst 6 elevar per skule.
- Opningstid etter skuletid: opningstida strekk seg frå skuledagens slutt og fram til kl. 15.30.

For begge ordningane gjeld følgjande;

- det er mulig å melde seg på faste dagar gjennom veka, men ikkje færre enn 3 (60 %)
- betalingssatsane for dei ulike ordningane blir fastsett av kommunestyret kvar år i samband med handsaminga av økonomiplanen.

Begge ordningane følgjer skuleruta. Tilbodet **inkluderer ikkje opphald i haust- og vinterferie, men kan bestillast separat til eigen pris.** Ved lågt deltakartal kan tilbodet i feriane bli samla på færre skular. Kommunen gir òg tilbod om sommar-SFO som eige opplegg.